

# Årsmelding frå elev- og lærlingombodet

For skuleåret 2023-2024



Vestland  
fylkeskommune

# Innhald

<b>Føreord.....</b>	<b>3</b>
<b>Innleiing.....</b>	<b>4</b>
Rolla til elev- og lærlingombodet – eit lågterskeltilbod.....	5
Elev- og lærlingombodet sine tilrådingar.....	6
Førespurnader - kven kontaktar omboda? .....	8
Førespurnader som gjeld elevar .....	9
Korleis seie ifrå når ting ikkje er som ein tenker det skal vere? .....	12
Vurderingspraksis og moglege blinde flekkar - diskriminering .....	13
Elevdemokrati og retten til medverknad .....	13
Behov for ekstra tilrettelegging i språkfag - meldt bekymring.....	14
Elevens beste i sakshandsaminga når ein er usikker på handlingsrommet .....	15
Meir informasjon om ulike vegar til fagbrev.....	16
Førespurnader som gjeld lærlingar.....	16
Stor overgang – mykje å finne ut av .....	16
Uønskt seksuell merksemd – førebyggjande arbeid .....	17
Særlege utfordringar innan enkelte bransjar.....	18
Ønskje og behov for felles praksis rundt lærlingar med rusproblem og uttalt ønskje om å ikkje ville leve.....	18
Etisk merksemd i samtaler med lærling - heving av lærekontraktar .....	19
Menneske med nedsett funksjonsevne.....	20
Gjennomførte skulebesøk .....	25
Dialog og samarbeid.....	26
Elevane sin rett til rådgiving og karriererettleiing av god kvalitet.....	27
Prioriterte område for skuleåret 2024-2025.....	31

# Føreord

Elev- og lærlingombodet jobbar etter mandat vedtatt i Vestland fylkesting 10.juni 2020. Ombodstenesta er eit lågterskeltilbod som elevar, lærlingar og føresette lett skal kunne kome i kontakt med. Vi har ei rådgjevande og rettleiande rolle, og skal vere ein pådrivar for at elevar og lærlingar får ivaretakne rettane sine hjå skuler og opplæringsinstitusjonar.

Nøkkeltal frå Utdanningsdirektoratet syner at vi per 01.10.23 hadde totalt 21 906 elevar i vidaregåande skule og til saman 6 634 lærlingar i Vestland.<sup>1</sup>

I rolla som elev- og lærlingombod bevegar vi oss mellom enkeltmenneske og systemet og ser på korleis gode intensjonar kan realiserast i praksis. Gjennom å støtte i enkeltsaker ser vi korleis den enkelte blir påverka av systemet, samstundes som vi prøver å sjå korleis desse enkeltsakene kan få konsekvensar for samfunnet på kort og lang sikt. Vi skal samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring, og kvart år utarbeide ei årsmelding til fylkestinget.

På fylkestinget 28.09.22 blei det vedteke at situasjonen til elevar og lærlingar med nedsett funksjonsevne skulle omtala som eit eige punkt i årsmeldinga. Denne gongen har vi valt å presentere historier frå nokre av våre lærlingar. Dei fekk ein litt lengre veg, men heldt fast på draumen dei bar på, og kom i mål med fagbrev. Vi meiner historiene får fram viktige forhold for å auke medvitet på kva som kan vere strukturelle hindringar, og samtidig auke merksemda på faktorar som kan bidra til auka fullføring.

I Vestland har vi to elev- og lærlingombod. Det har vore Venke Nordeide og Ann Kristin Solhaug Hauge. Venke Nordeide har takka ja til ny stilling i fylket, og Peder Bugge er tilsett som nytt ombod frå 1.8.24. Han vil ha base i Leikanger og Ann Kristin S. Hauge vil ha base i Bergen. Vi vonar at årsmeldinga kan gje eit bilet av kva vi erfarer gjennom rolla vår.



(Bilde: Elev- og lærlingombod Venke Nordeide og Ann Kristin S. Hauge)

<sup>1</sup> [Analysebrettet - Nøkkeltall for videregående skole \(udir.no\)](https://www.udir.no/analysebrettet/nokkeltall-for-videregaaende-skole)

# Innleiing

Årsmeldinga til Elev- og lærlingombodet er utarbeidd med utgangspunkt i dei erfaringane vi har gjort gjennom skuleåret.

Med totalt 28 540 elevar og lærlingar i fylket vårt, er vi, så langt ombodet kan sjå, det fylket i landet med høgast totale tal på elevar og lærlingar. Vi har erfart, og veit, at det vert gjort mykje godt arbeid ute på skulane og læreplassane, og at det er mange som kvar dag står på for elevane og lærlingane.

Når vi no med ombodsblíkket skriv årsmelding, kan det også vere formålstenleg å ha eit kritisk blikk. Vi ønskjer å løfte det vi ser, og på den måten bidra til å sjå moglegheiter for småstegsforbetringar som kan bidra til at fleire fullfører.

Gjennom året har vi støtta inn i enkeltsaker med elevar og lærlingar, besøkt elevar og tilsette i skule, delteke på oppstartssamlingar og i andre møte med lærlingar, lærebedrifter og opplæringskontor. Vi jobbar ein del førebyggjande, men har også blitt kontakta i krevjande saker kor ting har stogga litt. I desse saken har elev, lærling, føresette, lærebedrift eller skulen ønskt oss med for å trygge i situasjonen. Dette samarbeidet har gitt gode resultat og vi set stor pris på tilliten som er vist oss. Vi har og fått konkrete tilbakemeldingar på at vi har bidrige til å gjere ein forskjell for utfall i sakar, og veit at det har bidrige til fullføring.

Elevundersøkinga synar dessverre at mobbetala for vidaregåande skular har auka noko, men elevane fortel likevel at dei trivst på skulen. Dette bildet er ikkje lett å tolke, men ein kan sjå ein positiv trend samanlikna med 10. klasse, og det kan sjå ut til at overgangen til vidaregåande skule slår positiv ut for ein del av elevane. Sjølv om vi nasjonalt ligg på gjennomsnittet, så ønskjer vi å minne om at bak desse tala finn vi enkeltmenneske som ikkje får oppfylt retten sin til eit trygt skolemiljø. Konsekvensane fell ofte på elevane og familiene deira. Vi veit også at nokre har ikkje familie, og då vert det enda meir sårbart og einsamt.

Vi opplever stor merksemrd om mobbing og utestenging, og frå skulene er det eit sterkt ønskje om å legge til rette for trygge og gode skolemiljø. Det er eit krav at skulene skal jobbe systemretta med dette, både med internkontroll og involvering av elevane.<sup>2</sup> Det er mange faktorar som kan spele inn her, og en veit at skulekulturen er viktig. I tillegg til kulturen som rår på skulane har elevane ei svært viktig rolle i dette arbeidet.<sup>3</sup> Vi har etter kvart mykje forsking og kunnskap på feltet, og må sikre at kunnskapen når ut og vert anvendt i praksisfeltet.

I samarbeidet med skulane har vi delteke i opplæring av elevråd. Her legg vi til rette for dialog om betydninga av å engasjere seg i eige læringsmiljø, og kva moglegheiter som ligg i det å kunne medverke på det som skjer i og på skulen. Vi har møtt mange engasjerte elevar og tilsette som står på for skulen sin. Noko av det dei trekk fram som positivt for miljøet er skulefrukost, sosiale rom på skulen med biljard og bordtennis, samt at skulen legg til rette

---

<sup>2</sup> [Systemrettet arbeid etter opplæringsloven kapittel 9a Udir-4-2014 | udir.no](http://www.udir.no/udir-4-2014)

<sup>3</sup> [NOU 2015: 2 - regjeringen.no](http://www.ou.no/2015/2-regjeringen.no)

for aktivitetar utanom skuletid, som til dømes grupper på biblioteket, volleyballturnering og andre samlande aktivitetar.

Gjennom året har vi hatt samarbeid med relevante personar og organisasjonar som vi tenkjer kan vere med å belyse ulike perspektiv og forhold som vedkjem elevane og lærlingane våre. Desse er lista opp i årsmeldinga.

Sist skuleår vart vi invitert til praktisk pedagogisk utdanning (PPU) for yrkesfag ved HVL for å snakke om retten til eit trygt skolemiljø. Dette er eit tema som engasjerer, og i lag med mobbeombodet for barnehage og grunnskule, fekk vi studentane med oss på gode refleksjonar omkring det å legge til rette for fellesskapsbyggjande undervisning og trygge skolemiljø. Å besøke lærarutdanningane, meiner vi kan vere både nyttig og viktig som førebyggjande tiltak.

For utvikling av tenesta er vi oppteken av å ha dialog ut mot dei det gjeld i skular og lærebodrifter. Det er viktig at vi veit kva som rører seg. I tillegg deltek vi på faglege samlingar, relevante konferansar og har jamleg dialog og erfaringsutveksling med omboda i det nasjonale ombodsnettverket. Den faglege oppfølging har vi gjennom Læringsmiljøsenteret ved Universitetet i Stavanger. Vi har delteke i høyringar om forskrift til ny opplæringslov, skulereglane for Vestland og forskrift til inntak til vidaregåande skule for Vestland.

Gjennom året har vi hatt fagleg samarbeid med mobbeomboda for barnehage og grunnskule i Vestland. I den nye opplæringslova er det lagt opp til meir saumlaus overgang mellom grunnskule og vidaregåande, og vi tenkjer det er naturleg at det også kjem til syn gjennom vårt samarbeid. Vi veit at nokre saker går gjennom fleire år, og då er det viktig at vi bidreg for å gjere overgangen så god som mogleg for dei det gjeld.

Vi har også eit godt samarbeid med rettleiingstenesta, og opplever gode diskusjonar for å utforske moglegheitsrommet til beste for både elevar og lærlingar. Dette samarbeidet ønskjer vi å utvikle vidare og i dette samarbeidet har vi erfart at det har skjedd mykje godt arbeid ut mot lærlingane og ivaretaking av dei. Det er ei positiv utvikling som gleder oss.

## **Rolla til elev- og lærlingombodet – eit lågterskeltilbod**

Ombodsordninga er eit lågterskeltilbod som det skal vere lett å komme i kontakt med. Vi erfarer at det er ulike oppfatningar og haldningar i skulen til når ombodet kan kontaktast. Nokon tek kontakt før saka er blitt eit problem, medan andre er av den oppfatning at saka må vere stor og kompleks før ombodet koplast på.

Nokre skuler nyttar oss meir enn andre, også inn i det førebyggande arbeidet og elevrådsskulering. Vi har sett pris på å bli invitert med i mange ulike typar tiltak for elevar og lærlingar gjennom året. Det er ein viktig og god måte å vere synleg på. Det å vere synleg på skulene er noko vi vil ha auka merksemd på i komande skuleår.

# Elev- og lærlingombodet sine tilrådingar

1. Alle lærlingar her rett på et helsefremjande arbeidsmiljø i tråd med arbeidsmiljøloven. I lærlingundersøkinga gjekk det fram at lærlingar i Vestland har opplevd seksuell trakassering på sin arbeidsplass, og ombodet har også erfart dette gjennom førespurnader til ombodet. På bakgrunn av dette vil ombodet tilrå at ein på alle oppstartsamlingar for nye lærlingar løfter dette tema, slik at lærlingane kan vere mest mogleg trygg på korleis de skal handtere situasjonen om den skulle oppstå.
2. På bakgrunn av samtaler med opplæringskontor og andre ansvarlege for lærlingar, kan vi oppleve at dei er uroleg for om dei gjer ein god nok oppfølging av lærlingane som slit med rus eller psykisk sjukdom. Vi vil difor tilrå at det vert sett i gang eit arbeid, kor ein ser på gode rutinar for oppfølging av lærlingar med rusutfordringar og lærlingar som fortel at dei ikkje ønske å leve lenger. Dette er krevjande og viktig sakar kor det er avgjerande at ein jobbar evidensbasert og er trygg på korleis ein skal handtere det.
3. Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skolemiljø, og skulen skal arbeide systematisk for elevane si helse, miljø og tryggleik. Dette arbeidet skal vere kontinuerleg og systematisk, jfr. opplæringslova.<sup>4</sup> <sup>5</sup> Rektor har i dag det øvste ansvaret på skulen, og skuleeigar har ansvaret for at krava i opplæringslova, og forskriftene til lova blir oppfylte. Vi ser at det er ulikt korleis det blir arbeidd med desse sakene på skulenivå. Vi opplever at både elevar og tilsette kan vere utrygge i situasjonen. Vi har erfart at elevane må vente, og at skulene kjem for seint i gang med undersøkingar og tiltak. Då kan det være vanskeleg å komme i gang med gjenopprettande tiltak tidsnok til å kunne retablere eit trygt klassemiljø.

Omboda vil tilrå at det blir etablert kompetansegrupper eller innsatsteam på kvar skule med ansvar for saker som handlar om eit trygt og godt skolemiljø. På den måten kan ein både jobbe systematisk og raskt kunne både avdekke og sette inn tiltak om ein får mistanke om at nokon ikkje har det trygt og godt. Saker i denne kategorien kan vere komplekse og krevjande, og fordrar at dei som skal jobbe med dette har djupnekompetanse. Med det meiner vi at dei har kunnskap, veit kva dei skal sjå etter, og kjenner det igjen når det kjem til syne.

Vi trur at ved å ha ei kompetansegruppe bestående av fleire ressurspersonar, med forankring i leiinga, vil ein kunne etablere eit miljø som kan utviklast, og der ein lærer i fellesskap. Vi tenkjer det kan bidra til å sikre at ein til ei kvar tid kan jobbe evidensbasert med eit trygt og godt skolemiljø. I tillegg trur vi det vil kunne bidra til å innfri kravet til skuleeigar om å ha eit forsvarleg system.<sup>6</sup>

<sup>4</sup> <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§9a-3>

<sup>5</sup> [Hvordan kan skoler jobbe med å forebygge mobbing? | Universitetet i Stavanger \(uis.no\)](#)

<sup>6</sup> <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-10>

4. Å gjere undervisninga tilgjengeleg for alle er viktig, og vi ønskjer å rette merksemd på menneske med nedsett funksjonsevne. Vi veit at for nokre av elevar og lærlingar med nevrodiagnosar kan det vere avgjerande at det som skjer er føreseieleg og at dei opplever god struktur. Det er mange som trives best med ein slik tilrettelegging, og det vil kunne komme fleire elevar til gode.<sup>7</sup>

Vi følger difor opp tilråding frå førre skuleår, og at ein kan sjå på korleis kommunikasjonen, og val av kommunikasjonskanalar i vidaregåande skule kan gjerast meir tilgjengeleg for alle, og bidra til betre oversikt i skulekvardagen. Vi har erfart at dette kan vere avgjerande for oppleveling av meistring og tryggleik i skolemiljøet, og bidra til at fleire fullfører.

5. I ny opplæringslov gis elevar og foreldre rett på den informasjon dei har bruk for<sup>8</sup>. Kva som er nødvendig informasjon vil kunne variere. For å sikre at alle elevar og foreldre får nødvendig informasjon vil vi tilrå at ein tek ein gjennomgang og setter ord på kva informasjon ein tenker er mest nødvendig, slik at ein sikrar at alle elevane får eit visst minimum av dei områda lova beskriv i ny opplæringslov § 10-8 om informasjon til elevane og foreldra.
6. For å sikre at det blir tid for dialog og samarbeid mellom opplæring og kompetanse vil vi tilrå at elev- og lærlingombodet og mobbeombodet blir ein del av årshjulet for systematisk kvalitetsarbeid for vidaregåande opplæring i Vestland.


---

<sup>7</sup> [Lytt til foreldrene | statped.no](#)

<sup>8</sup> <https://lovdata.no/lov/2023-06-09-30/§10-8>

# Førespurnader - kven kontaktar omboda?

(Illustrasjon: Bilde av totalt tal på førespurnader)



I 2023-24 har vi motteke 236 enkeltførespurnader som gjeld elevar og lærlingar. Dei aller fleste kjem frå lærlingar, elevar og føresette


Nokre av førespurnadene blir svara ut ved første kontakt. Vi bidreg gjerne med informasjon om retter og pliktar, aktuelle nettstader og kven det kan vere hensiktsmessig å kontakte for å få løyst saka si. Det er alltid eit ønskje om å få løyst sakene på rett nivå.

Andre førespurnader er meir komplekse og behovet for støtte og rettleiing er større og meir tidkrevjande. Desse sakene er gjerne slik at dei som tek kontakt ikkje føler seg trygge på at saken vil løyse seg. Skule-heim samarbeidet er prega av dette, og det eksisterer gjerne ulike oppfatningar av situasjonen. Vår erfaring er at når det rammar eleven eller den unge lærlingen, så rammar det gjerne også familiene deira. Dei fortel at dei opplever det vanskeleg å komme i posisjon til å få sakene sine løyst. Dette kan også påverke dei føresette i så høg grad at nokre av dei endar opp med å bli sjukemeldte av påkjenninga dei står i.

Gjennom året har vi også blitt kontakta av ressurspersonar i laget rundt eleven. Nokre av dei ønskjer informasjon og rettleiing, mens andre ønskjer støtte til saker dei står i, og kor dei opplever at eleven ikkje får oppfylt ein eller fleire av rettane sine. Vi erfarer at det er ulike oppfatningar og forventningar i systemet til når ein skal gripe inn i ein sak, korleis en skal tolke lovverk, samt kor langt ein skal strekkje seg for å få eleven/lærlingen i mål.

# Førespurnader som gjeld elevar

(illustasjon: kakediagram som seier kva dei som kontaktar oss gir uttrykk for)



Dei fleste førespurnadene vi mottek gjeld informasjon om rettar. Det er ein liten nedgang frå i fjor, og vi trur det kan ha samanheng med auka tilgang til informasjon på nettet.

Vi får førespurnader som handlar om behov og hjelp til å få løyst saka si når ein opplever skolemiljøet som utrygt. Det er ulike grunnar til at elevane opplever skolemiljøet som utrygt. I nokre av sakene handlar det om mobbing og utesettenging, det kan handle om det som blir sagt og det som ikkje blir sagt, og i andre saker kan det handle om manglende meistring i fag og/eller sosiale settingar. Her ligg også førespurnader som gjeld russetida, kor vi høyrer om normbrytande åtferd og korleis nokon blir halden utanfor fellesskapet. Dette kan påverka læringsmiljøet og bidreg til å gjøre det utrygt. For nokon har det vart sidan ungdomsskulen.

I de fleste sakar kor vi blir kontakta, løyser det seg på ein god måte. Vi høyrer gjerne ikkje noko meir enn at det ordna seg og tusen takk for god hjelp. I andre saker opplever vi at det ikkje løyser seg like smidig. Ein har blitt einige om tiltak, men så blir ikkje tiltaka følgd opp.

Dette gjeld gjerne i tilknyting til overgang mellom grunnskulen og vidaregåande for elevar som er søkt inn 1.februar. Nokon av desse har ekstra behov for trygging, og opplever at det er vanskeleg å bli høyrd, også når dei ser at problema kjem til syne. Konsekvensane blir at ein kjem seint i gang med tiltak, eller ikkje i det heite tatt, og samarbeidet mellom heim og skule ber preg av manglende tillit og svekka relasjon, som vi veit er viktig for lærling helse og trivsel.<sup>9</sup>

Dei mister gjerne både motet og trua på at ting skal løyse seg. Vi møter elevar og føresette som kan vere bekymra for at vi skal «sleppe» dei før de er trygge på at ting skal ordne seg.

<sup>9</sup> [Tiltak for å bedre relasjoner | udir.no](http://tiltakforbedrerelasjoner.udir.no)

For å sikre gode og trygge læringsmiljø er det i lovforarbeida til kapittel 9A, trekt inn nokon viktige prinsipp (Prop. 57 L (2016-2017))<sup>10</sup> Desse prinsippa er:

- Det skal ikkje skje
- Det skal nytte å seie frå
- Regelverket skal verke
- Kompetansen skal nå heilt ut
- Skuleeigar er avgjerande
- Barn og unge skal stå i sentrum

Skulen har ei aktivitetsplikt, som skal sikre elevane retten til eit trygt skolemiljø i tråd med opplæringslova. Formållet er at skulene handlar raskt og riktig om ein mistenkjer at ein elev ikkje har det trygt og godt. Aktivitetsplikta er delt inn i fem delplikter :

- Alle på skulen skal følgje med
- Å gripe inn mot krenkingar
- Varsle om de får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt
- Undersøke saken
- Sette inn egnatiltak

Det kan vere ulike grunnar til at skolemiljøet ikkje opplevast som trygt og godt. Enkelt sagt kan ein dele forholda inn i forhold ved eleven, forhold ved skolemiljøet og forhold i nære omgivnader.<sup>11</sup>

Når vi kjem inn i saker som handlar om skolemiljø, så kan vi erfare at årsaka til problema gjerne blir lagt til eleven, eller elevens føresette. Dette kan forsterke opplevinga av å stå på utsida av fellesskapet. Vi veit at gode og trygge fellesskap, kor eleven opplever reell tilhørersel er viktig for å lukkast med å skape gode og trygge læringsmiljø for fagleg og sosial læring.

Vi ser at dette krevjande å forstå og handtere for dei det gjeld. Dei kjenner seg åleine, legg årsaka til seg sjølv, og vi erfarer at blir det for tøft å gå på skulen. Resultatet kan bli at dei står utan vurdering i fag eller at de sluttar på skulen.

Konsekvensane er det som regel eleven som ber. Det kan vere forseinking i utdanning, lav sjølvkjensle, angst, depresjon og kanskje ein ber med seg traume inn i vaksenlivet.

Skulen pliktar å følgje med heile tida, medan plikten til å undersøke utløysast på mistanke om at ein elev ikkje opplever det trygt. Det er elevens subjektive oppleving som er avgjerande. At det ikkje er openbart og synleg for dei som jobbar på skulen, betyr ikkje at det ikkje kan finne stad. Skulen skal jobbe systematisk med dette. Forsking viser at korleis skulen arbeider systematisk med delpliktene er avgjerande for kor godt dei lukkast med å avdekke tidleg, og eventuelt komme i gang med tiltak.

Dersom skulen setter inn tiltak, så skal den innehalde <sup>12</sup>:

- a. Kva problem tiltaka skal løyse
- b. Kva tiltak skulen har planlagt

<sup>10</sup> Prop. 57 L (2016–2017) - regjeringen.no

<sup>11</sup> Hefte: Aktivitetsplikten i praksis | Universitetet i Stavanger (uis.no)

<sup>12</sup> [6. Skolen har en aktivitetsplikt | udir.no](#)

- c. Når tiltaka skal gjennomførast
- d. Kem som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e. Når tiltaka skal evaluerast

For å treffe med tiltaka er det viktig at ein veit kva problem tiltaka skal løyse. Det krev at ein jobbar systematisk med å følgje med og undersøkje når ein får mistanke om at nokon ikkje har det trygt og godt. Fråvær kan vere ein slik indikator på at ein ikkje opplever skolemiljøet som trygt og godt.<sup>13</sup>

Vi ser at i nokon av sakene vi har delteke i, så har elevane vært lenge borte utan at skulen aktivt reagerer på fråværet. Den første kontakten eleven mottek er eit brev i Visma kor dei blir gjort merksam på fråværsgrensa, og at dei står i fare for ikkje å få karakter. Sjølv om eleven har rett på informasjon om situasjon rundt fråvær og konsekvensar for vurdering, så meiner ombodet at det er uehdlig at det gjerast på denne måten. Det er vanskeleg å sjå korleis det skal bidra til at eleven føler seg sett, og at relasjonen til dei tilsette blir styrka.

Vi er glad for endringane som kjem med ny opplæringslov, kor fråværssoppfølginga no skal gjerast i tettare dialog med eleven, og at skulen skal strekkje seg langt for å få kontakt med eleven.

Ein har stor forståing for at det er hektisk i skulen og at det er mange oppgåver som skal løysast. Det er likevel frå Utdanningsdirektoratet formulert ei forventing om at skulen jobbar etter «føre var» prinsippet, og har lav terskel for å undersøke dersom ein mistenkjer at en elev ikkje opplever miljøet som trygt og godt.<sup>14</sup>

Disse saken skal dokumenterast frå skulen. I forarbeida til kapittel 9A står det at formålet med kravet til dokumentasjon er mellom anna å sikre at elev og føresette får ei handgripeleg sikkerheit for at skulen tek saken på alvor, samt at ein skal sikre at skulen gjer dette på ein fagleg forsvarleg måte.<sup>15</sup> I all sakshandsaming skal ein sikre eleven blir høyrt og at det gjerast ein vurdering av kva som er barnets/elevens beste. Dette er eit grunnleggjande omsyn i all sakshandsaming, og som er forankra i Barnekonvensjonen artikkel 3 og 12, Grunnlovens § 104 og i opplæringslova § 9 A-4, femte ledd.

Vi høyrer om elevar som blir fortalt av skulen at saka deira ikkje er ei 9A sak, at ein skal vente å sjå det litt an, men at de kan få tiltak om de føler seg utrygge. Vi veit også at sakar har blitt avslutta utan at eleven har vore med å evaluere tiltaka, eller har vore kjent med kva tiltak som har blitt gjennomført. Dei har heller ikkje bekrefta at dei føler seg trygge. Det kan då vere vanskeleg å sjå korleis eleven har fått ivareteke retten til å bli høyrd, og korleis skulen har teke omsyn til elevens beste i sakshandsaminga.

Når ein elev fortel at hen opplever skolemiljøet som utrygt, kan ikkje skulen velje om det er ein 9A sak eller ikkje. Ein skal også etterleve «føre var prinsippet» og ha lav terskel for å sette

<sup>13</sup> \*Fråvær som vekker bekymring: Skoleieres og skolelederes inntrykk og forståelse av fråværssituasjonen i Skole-Norge (unit.no)

<sup>14</sup> Skolemiljø Udir-3-2017 | udir.no

<sup>15</sup> 6. Hva skal skolen gjøre? (aktivitetsplikten) | udir.no

i gang med undersøkingar. Reglane er klar på at ein kan ikkje avslutte saka før eleven har sagt at hen føler seg trygg.<sup>16</sup>

Vi erfarer at sakene ikkje forsvinn av seg sjølv om ein ikkje oppdagar eller tek tak. Dei har en tendens til å eskalere og bli vanskelegare å få ordna opp i. I enkelte saker er det openbart at det føreligg forhold som kan gjere eleven sårbar. Då har skulen ei skjerpa aktivitetsplikt, som forpliktar skulen til å handle raskt. Vi har erfart at det har gått veker og månader etter at dei har meldt ifrå, før dei opplever at det skjer noko. Dette er bekymringsfullt, og igjen er det som regel eleven som ber konsekvensane.

Tek vi alle førespurnadene i betraktning, så erfarer vi at skulane er svært opptekne av trygge og gode skule- og læringsmiljø, og dei er godt kjent med delpliktene og rutinebeskrivingane. Vi meiner likevel det er viktig å ha eit kritisk blikk på dette arbeidet og kva som kjenneteiknar dei sakane kor vi meiner at elevane ikkje får oppfylt retten sin.

Vi erfarer at alle er opptekne av at elevane skal ha det bra, men at det kan vere krevjande å vite korleis ein skal jobbe evidensbasert med å operasjonalisere delpliktene og rutinane på ein trygg og fagleg måte. Det kan være svært komplekse sakar som krev at dei som skal drive arbeidet har naudsynt kompetanse, og raskt kan komme i gang med å handtering. På den måten kan ein unngå at ting veks seg så store at dei ikkje let seg ordna.

## Korleis seie ifrå når ting ikkje er som ein tenkjer det skal vere?

I nokre saker fortel elevane at det vanskeleg å seie ifrå på skulen. Dei er bekymra for om det skal slå tilbake på dei sjølv. Det kan til dømes vere ting som skjer i undervisninga, fagleg oppfølging eller andre forhold. Å klage på ein lærar er noko dei fortel at dei gruar seg til. Dei er mellom anna redd at det skal gå utover karakterane deira, og at det skal øydeleggje stemninga.

I tillegg fortel dei at det er vanskeleg å melde frå om sakar som gjeld medelevar, og at dei er redde for å bli oppfatta som ein «snitch». Det gjer at elevane kan oppleve å komme i etiske dilemma. Vi prøvar då saman med elevane å finne gode måtar gå fram for å få løyst dette. Dette tenkjer vi synar behovet for å jobbe med trygge ytringsklima, kor det å tenkje kritisk vert anerkjent i praksis. Vi takkar for gode innspel frå skular som ønskjer å dele korleis dei jobbar med dette.

Vi blir også kontakta av elevar som er bekymra for medelevar, og som lurer på korleis dei best kan hjelpe de. Dette tykkjer vi er fint, det viser at elevane har omsorg for kvarandre. Samstundes tenkjer vi det kan vere at elevane har behov for enda tydelegare informasjon på kva dei kan gjere om dei opplever å vere bekymra for ein annan elev.

---

<sup>16</sup> [6. Hva skal skolen gjøre? \(aktivitetsplikten\) | udir.no](#)

## Vurderingspraksis og moglege blinde flekkar - diskriminering

I forskrift til opplæringslova § 3-3 om vurdering i fag, finn ein at formålet med vurdering er å fremje lærelyst og gje informasjon om kompetanse undervegs. Kompetansemåla og det som står om faget i læreplanen skal utgjere grunnlaget for vurdering, og at forutsetningar, fråvær og orden og åtferd ikkje skal ikkje inn i vurderinga.<sup>17</sup> Innsats kan vere ein del av vurderinga om det kjem fram av læreplanen i faget.<sup>18</sup> Utdanningsdirektoratet skildrar at kompetansemåla skal sjåast i ein samanheng og i lys av det som står om faget, og at lærar må løfte blikket frå eitt og eitt mål.<sup>19</sup>

Vi har motteke førespurnader som handlar om vurdering. Elevane fortel at dei får beskjed om at dei får lågare karakter på grunn av fråvær, og nokon får melding om at dei manglar vurdering i eit spesifikt kompetansemål, og difor ikkje kan få standpunktcharakter i faget. Utifrå spørsmåla vi får kan det synast som om reglane for vurdering praktiserast ulikt.

Elevane skal ha moglegheit for å oppnå høg karakter sjølv om ein har fråvær, så lenge ein kan dokumentere fråværet og lærar har vurderingsgrunnlag. I alle desse sakene viser vi til regelverk som dei kan ta i bruk, samt korleis dei kan gå fram for å få ivaretake retten sin.

Vi har dette året blitt kontakta av elevar og lærlingar som fortel at dei i samband med vurdering har fått kommentarar som handlar om butid i Norge. Dei er blitt fortalt kva dei bør vere nøgd med og ikkje, basert på kor lenge dei har budd i landet, og dei lurer på om det vanleg, og om det er lov.

I desse sakene har vi snakka om ulike måtar å fortolke på, og at det kan vere blinde flekkar for den som seier det, men som kan opplevast ugreitt av den som er mottakar. Vi meiner difor det bør snakkast om, slik at ein kan ha merksemd på det, og sikre at elevar og lærlingar ikkje opplever noko som kan påverke deira integritet, eller som kan oppfattast diskriminerande. I den anledning har vi også høyrd at tilsette har nyttat ordet «neger». Elevar har opplevd dette ubehageleg, og har prøvd å seie frå. Ein har blitt møtt med argument om ytringsfridom. Ein slik diskusjon kunne gjerne ha vorte prinsipiell på systemnivå, og ikkje overlate til den enkelte å handtere.

## Elevdemokrati og retten til medverknad

Ved kvar vidaregåande skule skal det vere eit elevråd med minst eit medlem for kvar tjuande elev. Dei skal blant anna arbeide for læringsmiljøet, arbeidsforholda og velferdsinteressene for eleven.<sup>20</sup> I tillegg skal skulane ha eit skolemiljøutval som skal arbeide for eit godt skolemiljø. Elevane skal vere i fleirtal i dette utvalet.<sup>21</sup> Her blir det noko endring av organisering i ny opplæringslov, men intensjonane om medverknad består. Dette er også

<sup>17</sup> [Del I Generelle bestemmelser | udir.no](#)

<sup>18</sup> <https://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724/§3-3>

<sup>19</sup> [Standpunktvurdering | udir.no](#)

<sup>20</sup> <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§11-6>

<sup>21</sup> <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§11-5a>

forankra i barnekonvensjonens artikkel 12 og Grunnlovens § 104.<sup>22</sup> Skal ein treffe med tiltaka må ein snakke med dei det gjeld.

Fleire elevar og grupper av elevar har i år etterspurt rettane til medverknad. Vi hører frå elevar som fortel at dei ikkje har godt fungerande elevråd eller skulemiljøutval, og at dei i større grad ønskjer å i blir involvert i avgjersler som gjeld dei sjølve på skulen. Det kan handle om skulemiljø og korleis ein gjennomfører undervisning og vurderingsarbeid. Dette tykkjer elev- og lærlingombodet er eit godt teikn, og tyder på at elevane er opptekne av å engasjere seg, bli høyrd og å medverke. Dette kan også synast igjen i elevundersøkinga. I den samanheng ønskjer vi å trekke fram at vi gjennom hausten ble invitert på ulike skuler for elevrådsskulering.

Vi opplever at skulane har gode opplegg, og tenkjer det er særslig gledeleg å erfare når skulens leiing og elevråda saman legg planer for arbeidet med skulemiljøet. Å innleie eit reelt samarbeid kan gi grobotn for eit gjensidig og viktig partnarskap i skulen. På den måten kan elevane erfare at dei blir møtt med tillit og respekt og kan medverke til å utvikle skulen sin etablerte praksis.<sup>23</sup>

## Behov for ekstra tilrettelegging i språkfag - meldt bekymring

Elev- og lærlingombodet har motteke bekymring for elevar med innvandrarbakgrunn og kort butid i Noreg. I dag finst ulike tilbod for denne gruppa, medrekna vg1 tilrettelagt for minoritetsspråklege.

På tilrettelagt vg1 for minoritetsspråklege har dei tilbod om studiespesialisering og helse- og oppvekstfag. I bekymringane som er meldt, så er ein oppteken av dei elevane som har andre interesser og ønskjer å gå andre yrkesfaglege retningar. Det er eit uttalt mål at elevane skal gjere informerte val kor dei tek omsyn til kva dei likar og kva moglegheiter dei har. På den andre sida så får dei berre tilbod om helse- og oppvekst og studiespesialisering. For nokon kan det opplevast veldig avgrensande. Dei søker gjerne mot andre alternativ og nokon startar på skulen utan at dei har nødvendige norskkunnskapar. En del av dei erfarer store språklege utfordringar undervegs.

I tillegg kan det vere ekstra utfordrande når fag og timefordelinga på yrkesfag er lagt opp med engelsk på vg1 og norsk på vg2. Dersom ein tenkjer at norskspråket er inngangen til dei andre faga (programfag og engelsk), så hører vi at fleire hamner i ein veldig krevjande situasjon. Denne oppbygginga av dei yrkesfaglege studieprogramma kan i nokon tilfelle opplevast som ein strukturell hindring for desse elevane. Vi hører om manglande meistring, fråvær og fråfall.

Eit innspeil til dette er å vurdere om det kan vere formålstenleg å prøve ut fleksibiliteten som ligg i fag- og timefordelinga for denne gruppa. Til dømes legge norsk til vg1, og engelsk på vg2.

---

<sup>22</sup> <https://lovdata.no/lov/1814-05-17-nn/§104>

<sup>23</sup> <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§1-1>

I tillegg tenkjer vi at fleire tilbod om vg1 tilrettelagt for minoritetsspråklege ville bidratt til å gje dei reelle tilbod om yrkesopplæring, utan at dei skal bruke eit ekstra innføringsår. Dei ønskjer raskast mogleg å komme i gang med ei relevant yrkesutdanning.

I forskrift til rådgiving står det at rådgivinga i skulen mellom anna skal bidra til å ta val av yrke, og forebygge feilval. Vi høyrer at elevane opplever å ikkje ha eit val om dei ønskjer å komme raskt i gang. Samstundes veit vi at fullført videregåande opplæring kan vere ein god inngang til arbeidslivet, auka inkludering og aktiv deltaking i samfunnslivet.<sup>24</sup>

## Elevens beste i sakshandsaminga når ein er usikker på handlingsrommet

Avslutningsvis når det gjeld førespurnadar som omhandlar elever, så vil vi trekkje fram saka frå kjole og drakt frå august 2023. Saka vart omtala i media og gjaldt ei gruppe elevar frå kjole og drakt, som ikkje fekk seg lærepassar. I forskrift til opplæringslova står det at om ein ikkje får lærepass har ein rett til å gå vg3 i skule.<sup>25</sup>

I forskrifta til opplæringslova finn ein at elevar kan bli formidla til lærepassar *i andre fylke*. Når det gjeld vg3 i skule, så er hovudregelen at ein skal få tilbod om plass *i eige fylke*.

Då elevane fekk melding om skuleplass i Stavanger, fekk dei samstundes beskjed om at saka var ferdigbehandla. Dei tok då kontakt med ombodet for råd og rettleiing. Elevane tok på ny kontakt med fylkeskommunen for å høre om fortolkinga av lovverket var riktig og om dei kunne klage. Dei fekk tilbakemelding om at dei ikkje kunne klage på eit politisk vedtak.

Ombodet tok då kontakt med Statsforvaltar for rettleiing om riktig fortolking og bruk av lovverk. Statsforvaltar sendte saka vidare til Utdanningsdirektoratet for behandling.

Utdanningsdirektoratet konkluderte med at fylket kan tilby vg3 i anna fylke dersom det er greitt for elevane. Saka ligg no presisert på Utdanningsdirektorat sine nettsider.<sup>26</sup>

For elevane sin del er det sjølv sagt bra at ein er kreativ for å finne handlingsrom og gode løysingar. Ein kan jo tenkje at ein skuleplass i Stavanger må vere betre enn ingen skuleplass, men dette var i realiteten ikkje eit alternativ så lenge det ikkje var tatt opp med elevane sjølv. Ombodet tenkjer at saka også kan brukast som ein påminning om betydninga av god praksis rundt retten til å medverke og vurdering av kva som er best for eleven. Elevane opplevde ikkje at dei ble lytta til då dei prøvde å føre saka si.

Saka tok også lang tid, og hadde eigentleg vart sidan vinteren. Det som skjedde i tida frå innsøking til elevane fekk starte opp på vg3 på Årstad, var at klassen bestod av færre elevar. Noko skjedde på vegen medan de venta på å få saka avklart. Det kan vere risikabelt å årsaksforklare, men det kan også vere risikabelt og sjå bort frå at det var ein samanheng.

Det er naturleg at ein utforskar eige handlingsrom, men når systemet utforskar eige handlingsrom, så risikerer ein at elevane og lærlingane blir ståande i ei situasjon prega av

<sup>24</sup> En videregående opplæring hvor elevene fullfører og kvalifiseres - regjeringen.no

<sup>25</sup> Forskrift til opplæringslova - Kapittel 6A. Formidling til lærepass - Lovdata

<sup>26</sup> Tilbod om skoleplass i eit anna fylke for søkerar som ikkje får tilbod om lærepass | udir.no

stor usikkerheit om eiga framtid. Dette meiner ombodet er både unødvendig og uheldig. Dette bør gjerast slik at ein sjekkar ut handlingsrom og lovheimlar før ein presenterer alternativa for elevane og lærlingane, og sparar dei for unødig belastning.


## Meir informasjon om ulike vegar til fagbrev

Når vi er ute og snakkar med elevar og lærlingar, og når vi blir kontakta av føresette, så kjem det fram ønske om meir informasjon om ulike vegar til fagbrev. Dette gjeld til dømes 1+3 eller full opplæring i bedrift. Dei etterspør informasjon om korleis dei konkret skal gå fram for å gjere overgang til lære. Vi har og blitt kontakta av føresette som er usikker på korleis dei best skal støtte ungdommen sin, som enten er på veg, eller allereie har droppa ut.

Fleire gonger har vi hørt frå både lærlingar og faglege leiarar, at då dei skjønte at dei kunne få full opplæring i bedrift, så fekk dei håpet om fullføring tilbake. Dei fortel også at dei hadde ønskt meir informasjon om dette allereie på ungdomsskulen. Vi erfarer eit stor behov for informasjon om moglegheitene som finnast.

## Førespurnader som gjeld lærlingar

(illustasjon: kakediagram som seier kva dei som kontaktar oss gir uttrykk for)



## Stor overgang – mykje å finne ut av

Vi har framleis flest førespurnader frå lærlingar. Som diagrammet syner gjeld dei fleste førespurnadene spørsmål om rettar og plikter. Det å vere ny lærling kan vere både spennande og overveldande på mange måtar. Det er eit stort system og ein skal finne sin plass. I dette kan det vere mange ting lærlingane lurar på og som dei skal finne ut av.

Alle lærlingar skal ha ein lærekontrakt, ein arbeidsavtale og ein plan for opplæringa si.<sup>27</sup> Dette skal regulere arbeidsforholdet, bidra til å skape trygge rammer og vere føreseieleg for lærling og arbeidsgjevar. Det skal sjølv sagt også sikre at lærling kjem i mål med opplæringa si.

Vår erfaring er at ikkje alle har desse tinga på plass. Det kan gjere lærlingen usikker på rettane sine, og hen opplever å ikkje ha kontroll på eige læreløp. Lærlingen tek gjerne kontakt og er uroa for manglande progresjon, dei jobbar kanskje mykje åleine og har for mykje ansvar. I mange av sakene oppfordrar vi til å ta kontakt med rettleiingstenesta (RLT), slik at dei er kjende med og kan bidra til å få orden på tinga. Vi tenkjer det er ei viktig kvalitetssikring for lærlingane at RLT besøker bedrifter og lærlingar, og sikrar at desse formelle tinga er på plass.

Mange av lærlingane vi møter fortel at dei synest det er utruleg kjekt å endeleg vere i gang med læretida og at dei gleder seg til å lære mykje i faget. Når vi spør kva den største forskjellen på skule og læretid er, så seier mange at det er meir alvor og større ansvar.

Dei skal plutsle seg sjølv i ein større samanheng. Dei skal balansere eigne behov, ønskjer og interesser, og samtidig er dei blitt arbeidstakarar og må ta omsyn til bedrifta sine ønskjer, behov og interesser. I tillegg skal dei bli kjend med nye kollegaer i nye omgjevnader. Overgangen er stor, og kan for nokon kjennast overveldande.

Denne overgangen kan vere brå for mange, og nokon skildrar ein tøffare kultur med ein annan språkbruk enn dei er vande med. Dette gjelde både gutter og jenter, og nokre gonger kan det bli for mykje. Vi støtter lærlingane, utfordrar perspektiv og fortolking, og oppfordrar til å melde ifrå om ikkje dei får oppfylt retten sin til eit helsefremjande arbeidsmiljø. Vi informerer då også om plikta til å melde ifrå om det er forhold på arbeidsplassen som ikkje er i tråd med lovverket. Her treng dei gjerne trygging på moglegheita til å bytte læreplass om ting ikkje betrar seg.

## Uønskt seksuell merksemrd – førebyggjande arbeid

I lærlingundersøkinga kunne ein lese at 1,2 % av lærlingane fortel at dei er utsett for uønskt seksuell merksemrd. Dette er under det nasjonale gjennomsnittet, men for dei enkeltmenneska det gjeld veit vi at det kan vere utslagsgjevande for fullføring eller ikkje. Berre halvparten av lærlingane svarte på undersøkinga, og ein må ta også ta høgde for mørketal. Vi er kjende med at Stortinget jobbar med ei stortingsmelding om seksuell trakkassering, som skal vere klar i 2024.

Alle arbeidstakarar har rett på eit helsefremjande arbeidsmiljø, og det er det ikkje alle som har. Vi høyrer om kommentarar som er av ein heilt klar seksuell karakter, og som gjerne kjem frå kollega som lærlingen skal jobbe saman med.

For nokon er det første møte med arbeidslivet, og for ein ung lærling kan det skape nok usikkerheit til at ein gruar seg for å gå på jobb. Sjølv om ting kan ha blitt sagt for å vere

<sup>27</sup> <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§4-5>

morosam, så kan ulike kjønn, ulik alder og ulike roller, medverke til ein betydeleg forskjell i maktbalansen. Dette kan gjere ein utrygg både i relasjonen og på arbeidsplassen.

Det kan synast som om nokon ikkje er seg bevisst rolla som ein trygg og viktig rollemodell for lærlingane. I desse sakene har vi erfart at lærlingen gjerne kan bli den sårbare parten. Vi hører om lærlingar som tykkjer det er vanskeleg å seie ifrå, og som vel å avslutte.

Vi trur det er viktig å komme raskt i gang med arbeid inn mot elevane og ut mot lærlingar og bedriftene. Elevane gjer uttrykk for at dei ønskjer meir seksualundervisning inn i skulen, og Elevorganisasjonen (EO) har dette i sitt planprogram. Dei fortel at de har gått tre år på vidaregåande og ikkje hatt noko seksualundervisning, og at dei synast det er rart.

Gjennom å legge til rette for diskusjonar rundt eigna opplegg kan ein få sette ord på det ein lurer på, om kva som er greitt og kva som ikkje er greitt, om kva som kan være både krenkande og ulovleg. Dette er det viktig at elevar og lærlingar er trygge på, både som lærling og i andre rollar dei vil komme til å ha i livet.

Elev- og lærlingombodet vil ha merksemd på tema i møte med elevar og lærlingar framover.

## Særlege utfordringar innan enkelte bransjar

22,5 % av alle førespurnadene hører inn under Helsefag og Byggfag. Dette er to store fag med mange lærlingar og vi tenkjer det er naturleg ut frå det totale talet lærlingar. Det kan også ha samanheng med at vi har vore invitert på oppstartsamtlingar i desse fagretningane, og at dei difor er kjend med oss. Typen sakar gjer likevel at vi ikkje er meir uroa for desse lærlingane enn andre. Dei andre førespurnadene er fordelt på mange fagretningar.

## Ønskje og behov for felles praksis rundt lærlingar med rusproblem og uttalt ønskje om å ikkje ville leve.

Gjennom samtaler med ulike opplæringskontor, fortel dei framleis om bekymring knytt til lærlingane si psykiske helse. Fleire fortel at dei no har tettare oppfølging for å trygge lærlingane. Vi hører mykje positivt om kursa som fylkeskommunen heldt på tema, men at ein framleis er bekymra for lærlingane.

Dei erfarer og er urolege for eit auke i fråvær og auke i rusmis bruk, og ønskjer å sikre at lærlingane får rett hjelpe. Det kan vere store forskellar på kva hjelpe dei får, avhengig av kva firma dei er tilsett i. Ombodet oppfattar at ikkje alle er trygge på korleis dei skal gå fram når dei mistenkjer at lærling har eit rusproblem. Det same gjeld om ein hører at lærlingen ikkje ønsker å leve lenger.

Vi opplever at opplæringskontora tek dette svært alvorleg, men trur likevel det kan bli tilfeldig og personavhengig kva hjelpe ein lærling som slit får. Vi hører at dei som skal følgje opp lærlingane er usikre på kva som er best moglege rutinar, og at dei lurer på når dei har gjort så mykje som ein kan forventa. I disse sakene opplever dei at det kan være vanskeleg å vite kva som er fagleg og menneskeleg rett å gjere.

Vi har behov for å vere trygge for lærlingane, og det er viktig at dei som skal hjelpe er trygge på kva dei skal gjere og korleis.

I ein sårbar fase, enten det er rus eller snakk om å ikkje ville leve, så kan det vere avgjerande at dei som er rundt deg er kjend med faglege forankra rutinar. Ombodet er ikkje kjend med om det finst felles rutinar som gjeld lærlingane i Vestland, og ønskjer å rette merksemd på dette. Dette trur vi kan bidra til rask, lik og god handsaming for alle lærlingane, uavhengig av kven dei har lærekontrakt eller arbeidsavtale med, eller kva dei bur i fylket.

## **Etisk merksemd i samtaler med lærling - heving av lærekontraktar**

I nokre av sakene vi blir kopla på, har bedrifa eit ønskje om å heve kontrakten fordi dei bekymrar seg for lærlingen si helse. Det er fint at lærebodrifa er oppteken av lærlingen si helse, og i nokre høve meiner også lærling at heving rett. I andre sakar høyrer vi at lærling har erfart at både bedrift og rettleiingsteneste har lagt føringar for kva dei trur at lærling kan klare og ikkje. Når nokon seier at «vi må kalle ei spade for ei spade» og «det er på tide med ei realitetsorientering», tek dei på seg ei definisjonsmakt som kan kjennast tung å skulle bere for den som blir orientert. Lærlingar vi har snakka med, har opplevd dette som nedverdigande og avgrensande for deira moglegheiter.

I nokre av sakene meiner ombodet at realitetsorienteringa heller skulle vore retta mot fakta omkring «kva skal til for at dette skal gå» i staden for «det er mange gode grunnar for at dette ikkje kjem til å gå» eller «har du ein plan b eller c». Lærlingane har fortalt at dei opplever at dei blei ståande åleine når dei hadde behov for støtte, og nokon sit med ei kjensle av dei har klart det til tross for og ikkje på grunn av.

Det er viktig å gjere etiske vurderingar av eigen praksis, og i slike saker kan det synast som om rettleiinga som blir gitt i beste mening, kan ha ein tendens til å bli ein strukturell hindring for den det gjeld. Det kan halde hardt for ein ung lærling å stå opp for seg sjølv når han møter slike utsegn og haldningar på vegen, og det kan også påverke eiga meistringstru.

I nokre sakar fortel lærlingane at dei tykkjer det er vanskeleg å ta steget med å seie ifrå om ting dei reagerer på. Vi høyrer om vennskapsband mellom opplæringskontor og lærebodrift og mellom rettleiingstenesta og lærebodrift. Nokre fortel også at bedrifter sender inn søknad om heving når dei har vore sjukmeldt, utan at dei som lærling har blitt informert i forkant. Dette kan bli ein svært vanskeleg situasjon for ein lærling som allereie har utfordingar med helsa.

I sakar som omhandlar heving fortel lærlingar at dei opplever at rettleiingstenesta støtter bedrifa, sjølv om lærling meiner at det ikkje alltid er rett. Det vil alltid vere ulike oppfatningar, og i nokre sakar så kan fleire ting vere riktig. Elev- og lærlingombodet er av den oppfatning at lærling må ha rett til å oppleve seg trygg i alle møte dei har med arbeidsgjever og andre i tilknyting læreløpet sitt, og dette krev merksemd frå dei involverte i laget rundt. Vi ønskjer også å rette ei takk til dei i rettleiingstenesta som har kopla oss på for å bidra til å trygge lærling.

# Menneske med nedsett funksjonsevne

Menneske med nedsett funksjonsevne skal vere godt ivaretekne både gjennom FNs konvensjon for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)<sup>28</sup> og barnekonvensjonens artikkel 23. Ein skal vere sikra eit fullverdig og anstendig liv under forhold som sikrar verdighet, fremmer sjølvstendigkeit og bidreg til barnets aktive deltaking i samfunnet<sup>29</sup> I artikkel 29 a, står det at barnets utdanning skal ta sikte på å utvikle personlegdom, talent og evner så langt det er mogleg. Rettane er også sikra gjennom likestillings- og diskrimineringslova, og opplæringslova om retten til tilpassa opplæring.<sup>30 31</sup>

Vi er kjent med at det vert gjort mykje godt for å legge til rette for elevar og lærlingar som kan trenge noko ekstra. I Vestland veit vi at talet på elevar som vert søkt inn 1.februar har auka dei seinare åra, og vi veit at fleire lærlingar og lærekandidatar fullfører med hjelp av gode verkemiddel som til dømes fullføringsmiddel. Det kan vere bra at elevar og lærlingar er kjent med mogleheitene sine, og nytter seg av rettane sine.

Det er også viktig å være kjend med og anerkjenne ein del av dei opplevingane som vi veit skjer for menneske med nedsett funksjonsevne. Her må ein rekne med mørketal. Nokre diagnosar aukar sjansane for å bli mobba og utestengt, og vi veit at menneske med funksjonsnedsettingar møter på strukturelle hindringar på vegen mot fullføring.

I løpet av året ble vi kjent med **historia til Joar**, som vart kåra til årets lærling av OKAB. Joar si sak fekk politisk merksemld på fylkestinget i juni 24. Han heldt det hemmeleg at han var døv, og lurte systemet for å komme seg inn på den linja han ønskte. [Døve Joar lot seg ikke stoppe – ble årets lærling - Anleggsmaskinen](#)

Solskinshistorier som Joar sin har fleire viktige bodskap og kan bidra til avdekke både haldningar og ulike typar diskriminering som kan vere usynleg både for systemet og for den som blir utsatt for det. Den syner også korleis ein kan risikere å ikkje få oppfylt retten sin til utdanning, retten til å bli hørt og retten til å få vurdert kva som er best for deg.

Joar sin historie kan også vise oss korleis andre tek avgjersler om kva som er realistisk for deg å ha målsetning om. Ein kan undrast over korleis dette kan vere ei verdig behandling, og korleis ein har vurdert mogleheit til å nå så langt som mogleg utifrå eige potensiale.

oOo

<sup>28</sup> [FN-konvensjonen om rettar til menneske med nedsett funksjonsevne \(CRPD\) - regjeringen.no](#)

<sup>29</sup> [178931-fns\\_barnekonvensjon.pdf \(regjeringen.no\)](#)

<sup>30</sup> <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§1-1>

<sup>31</sup> [Tilpasset opplæring | udir.no](#)

Det er dverre fleire som opplever at det kan vere krevjande å nå mål om fullføring. Vi vil dele ein historie, som vi meiner kan få fram noko rundt situasjonen til menneske med nedsett funksjonsevne, og kva som kan utgjere ein forskjell på om ein lykkast eller ikkje.

*Hei Ann Kristin!  
Da er eg i mål med å fullføre fagbrev som  
helsefagarbeidar.  
xx.xx.24 ble gledens dag:)  
Takk for hjelp eg har fått*

Våren 2024 fekk elev- og lærlingombodet ein god melding i innboksen. Gleda var stor og historia bak er imponerande. Den kan syne kor viktig det er å stille opp for seg sjølv og behalde trua på at det kan gå bra.

Dette er historia om «Sanne», som er ein stolt helsefagarbeidar med bestått fagprøve og fagbrev våren 2024.

Ho ønskjer å fortelje si historie for at andre kan bli inspirert til å stå på for å nå målet om fullføring. Ho ønskjer også at systemet skal ta med seg erfaringane for vidare utvikling.

**«Det handlar ikkje om kor mange gonger du fell, men kor mange gonger du reiser deg att.»**

Sanne er ikkje hennar eigentlege namn. Ho ønskjer å vere anonym for ta vare på seg sjølv og dei som er ein del av forteljinga. Den handlar om vegen og omvegen ho måtte gå, og kva som kan skje når du får gode medspelarar og heile laget i ryggen.

Allereie i barneskulen kjente Sanne seg litt annleis enn dei andre. BUP var kopla på, og ho fekk spesialundervisning og oppfølging gjennom barne- og ungdomsskulen. Dette vart avslutta då ho gjekk over til vidaregåande. Når ho ser tilbake, hadde ho ønska at dei følgde med henne vidare, og at ho hadde slept å begynne heilt på nytt når ho skulle over til vidaregåande.

Frå ho var liten har ho drøymt om ein jobb kor ho kunne få hjelpe andre. Gleda var difor stor då ho kom inn på helse og oppvekst. Samstundes kjente ho framleis på kjensla av å ikkje vere heilt som «alle dei andre». Sanne tok dette opp med fastlegen, og opplevde at det ikkje skjedde noko. Ho bytta difor fastlege for å få hjelpe til å kome i gang med utgreiing. På det tidspunktet var ho allereie godt i gang med vidaregåande. Det gjekk fint utan ekstra tilrettelegging, og ho ønska berre å vere som dei andre. Innimellom vurderte ho om det var hensiktsmessig å melde ifrå om tidlegare oppfølging av BUP og ønske om utgreiing, men ho var redd for stigma og at det skulle øydeleggje moglegheitene for lære plass og seinare arbeid. Ho bestod i alle fag og hadde god tru på at det skulle gå bra då ho skulle ut i lære.

Sanne fekk lærekontrakt og arbeidsavtale og gjekk i gang med læretida i heimkommunen. Ho ønska seg mest mogleg normalitet og vern om privatlivet, og valde difor å ikkje seie noko

om utgreiingsprosessen til arbeidsgjever. Ho visste heller ikkje kva som ville komme ut av denne. Samstundes var ho også bekymra for at noko skulle skje, som kunne lage problem for henne.

Cirka åtte månader ut i læreløpet skjer det noko på arbeidsplassen som gjer at Sanne i frustrasjon vel å gå derifrå midt i arbeidstida. Det vil være ulike oppfatningar av det som skjedde, men utfallet var at Sanne ble sjukmeldt i tre månader. Ho låste seg inne på rommet og kjende seg einsam og djupt ulukkeleg.

Det ble gjennomført møte mellom lærling, arbeidsgivar og opplæringskontor, kor lærling trudde ho skulle få støtte og samtale om korleis de kunne løyse det, men kjende på kjensla av å stå aleine i prosessen. Det blei deretter gjennomført eit nytt møte, kor rettleiingstenesta, elev- og lærlingombod og føresette også deltok. Her ble moglegheitene for tilrettelegging og omgjering til lærekandidat etterspurt, utan dei fekk gjennomslag. Ho fortel at ho hadde trengt ei tydelegare støtte frå rettleiingstenesta, som ho opplevde støtta arbeidsgjavar. Etter møtet kjende ho på ei bekymring for at det ikkje var plass til ho i arbeidslivet.

Det ble sendt søknad om heving til opplæringsavdelinga. Her beskriver de kva dei opplever er krevjande med lærling, kva utfordringar ho har og kva dei erfare at ho treng. Sanne opplever at de beskriv alt som er gale med henne, og kjennen at det heile er nedverdigande.

Omfanget av utfordringane beskrivast så store at både arbeidsgjavar og opplæringskontor ser seg ute av stand til å gje henne opplæring. Ut frå omsyn til bedifta og til lærlingen meiner dei det er uforsvarleg å prøve. Det gjaldt både som lærling og lærekandidat. I søknaden opplever Sanne at alle erfaringar og utfordringane leggjast til henne. I konklusjonen beskriv dei utfordringane så inngripande at dei mente de var lite foreinleg med krava som vert stilt i helsepersonellova. Dei vurdere henne som ueigna i denne typen arbeid, og ho ble oppfordra om å söke hjelp så ho kunne finne seg noko meiningsfullt å gjere. Dette var tøft å lese.

Sanne opplevde dette som ein nedbrytande og sterkt kommunikasjon. Ho fekk tunge tankar og på ny kommer spørsmål om framtida. Ho kjenne på ei frykt for å ende opp som ung ufør. Hevinga ble gjennomført og Sanne kjende seg åleine. Tida gjekk og ho høyrdre ingenting frå nokon.

Med god hjelp frå føresette kom ho seg i gang og skaffa seg jobb som pleie assistent på ein sjukeheim. Samstundes fekk ho svar på utgreiinga, som syntet at Sanne hadde ADD og lett Asperger. Ho fekk ei forklaring som kunne gjere det lettare å forstå og handtere. Ho hadde eit sterkt ønskje om å nå målet om fagbrev som helsefagarbeidar, og prøvde å finne ut korleis ho kunne fortsette utdanninga si. Ho opplevde det var vanskeleg å få hjelp, og fordi ho då var i jobb var det vanskeleg å få hjelp av NAV og OT. Elev- og lærlingombodet vart kontakta og oppfordra Sanne til å be om eit møte med «laget sitt» I møte til Sanne deltok RLT/OT, NAV, lege, føresette og elev- og lærlingombodet.

Etter møte fekk ho hjelp av rettleiingstenesta/OT, som skaffa henne plass på vg3 i skule ved Sotra vgs. Sanne var innstilt på å fullføre læreløpet. Ho fekk to timars reiseveg kvar veg til skulen, men når ho visste kva som freista i andre enden, så gjekk det fint med fire timer i bil. Ho var godt kjent med jobbmoglegheitene som helsefagarbeidar.

Ho fortel at ho gjekk inn i eit «trepartsamarbeid» med kontaktlærar og praksisrettleiar, som gav ho tru på at det skulle gå bra, og ønskjer å trekke fram korleis dei støtta henne og jobba ilag med henne på vegen.

Sanne har eit sterkt ønskje om at historia blir delt med politikarane og andre interesseorganisasjonar. I lag med elev- og lærlingombodet har ho eit ønskje om å snakke høgt om det vi ønskjer meir av, og samstundes vere nysgjerrig på kva som bidrar til at ein lukkast i utdanningsløpet. For å finne ut litt meir av kva dei har vektlagt og erfart i dette samarbeidet, har vi gjennomført samtaler med eleven, kontaktlærar og praksisrettleiar.

Dei ønskjer gjerne å bidra med eigne erfaringar, og fortelje om korleis dei har jobba undervegs for å nå målet om fullføring.

**Elev:**

Eg blei møtte av lærar og fagleg leiar på ein måte som gjorde at eg følte dei hadde tru på at eg skulle klare det. Det gjorde meg trygg.

Dei var fagleg sterke, tydelege og gode rollemodellar for meg. Samstundes lytta dei til meg, og eg følte at dei tok omsyn då eg fortalte kva eg trengte for å lukkast.

Då eg var i praksis, viste fagleg leiar meg kva eg skulle gjere, og så gjorde eg det. Eg opplevde at det gjekk veldig fint, og eg kjente på meistring.

**Kontaktlærar (Bakgrunn: sjukepleiar, vidareutd. psykisk helsearbeid og ppu):**

Lærar fortel at ho reflekterer mykje over eigen praksis, og jobbar med eigne bevisste og ubevisste haldningars i møte med elev, og at ho integrerer bruk av forsking og teori i eigen praksis. Ho er merksam på korleis ho anerkjenner i relasjonen for å få utvikling hos den andre, og at læring skjer i ein felles interaksjon (sosialkonstruktivistisk læringssyn) Ho fortel at ho legg empati og forståing til grunn i møte og dialog med elevane.

På spørsmål om kva ho trur suksesskritereie i denne historia har vore, trekk ho fram følgjande:

- Det må vera det underliggjande menneskesynet mitt og openheit for blinde flekker hjå meg sjølv.
- I denne elevhistoria sette eg strek over tidlegare kartleggingar og utgreiingar som var gjort av eleven. Eleven hadde ved oppstart på vg3 i skule med seg eit lite traume fordi ho hadde fått læreløpet i heimkommunen avslutta. Elev var delvis uvitande om oppseiingsgrunn, anna enn at elev sjølv visste at ho trong meir tid enn andre på å læra. Mantraet mitt som sjukepleiar ; «Kva godt kan eg gjera for deg?» resulterte for denne eleven til ein praksisplass med ein varm og støttande rettleiar.
- I etterkant av all undervisning fekk elev i starten av skuleåret samtalar supplert med visuell støtte i form av korte referat frå dagens undervisningsinnhald. Etter ei stund viste det seg at elev ikkje lenger hadde behov for dette, elev fann tryggleik i å alltid kunna kontakta lærar, eventuelt ta spørsmål opp i klasserommet.

- Klasserommet og fellesskapet gav elev nok psykologisk tryggleik til å etter kvart styra si eiga fagutvikling. I praksis fekk elev skulder- til – skulder rettleiing av lærar og av rettleiar.
- Eg har samarbeidd med lærarkollegaen min og med rettleiar i praksis. Lærarkollegaen min og eg har bytt på å undervisa klassen og elev. Lærarkollega har også hatt stelledag med elev, primært for at elev skulle øva seg på å arbeida under vurdering av andre. Elev vart nervøs i vurderingssituasjonar.
- Rettleiar har vore varm og støttande heile læreløpet, og vi har vore samkøyrd frå dag éin. Som suksesskriterium vil eg trekkja fram rettleiar sitt tolmod, merksemda hennar mot elev si autonomi, og korleis ho varmt verdset særeigenheita og identiteten til eleven. Eg har sett stor pris på læringsfellesskapet vårt!
- Eg tenkjer at eg har lukkast med relasjonsarbeidet mitt då elev etter kvart vart så trygg i eige læreløp at ho sjølv tok styring for eiga fagutvikling og praksis.
- Eg har etter kvart fått ein del erfaringar på at det å bevega seg litt vekk frå utgreiingar, diognosar og det som er vanskeleg, og legge meir vekt på det eleven sjølv forstår og trekkjer fram som viktig, kan gjera arbeidet meir treffsikkert. Det kjennest meir autentisk!

#### **Praksisrettleiar:**

Rettleiar fortel at ho fekk spørsmål om å ta inn elev i praksis frå sin leiar. Det vart presentert som ein vinn-vinn, der leiar uttalte at; «Vi trenger Sanne og Sanne trenger oss» Denne haldninga tok vi med oss inn i møte med Sanne, og arbeidet vi skulle gjere i lag. Ho fortel at ho er glad for at ho sa ja, og at ho aldri har angra på det.

I tillegg deler praksisrettleiar kva dei har veklagt underveis for å lukkast med samarbeidet:

- Det var semje på arbeidsplassen om å skulle ta imot Sanne i praksis.
- Dei var eit lag rundt lærlingen der alle bidrog
- Kontaktlærar si haldning og tru på at det skulle gå bra smitta over på meg og dei andre
- Sterk tru på lærlingen
- Leiar uttrykte ei haldning om at arbeidsplassen og lærling trong kvarandre
- Stabilt personale – ein fast kontaktperson
- Lærling har hatt sterkt ønske om å læra, og hatt høg innsats i arbeidet
- Vi vekta struktur og klare avtalar
- Opptatt av å gi omsorg og faste rammar – autoritativ leiarstil (høg på varme og høg på kontroll)
- Brukt seg sjølv som rollemodell i alt arbeidet
- Har hatt høge forventningar til seg sjølv og til lærlingen i samarbeidet
- God open relasjon – kor dei har snakka om ting, og kor ho la vekt på å vere trygg, tydeleg og omsorgsfull. På den måten ønskte ho å skape tillit.
- Godt samarbeid med lærar på skule, som ga god oppfølging
- Samarbeidet rundt eleven har vore prega av god samarbeidskultur og med kompletterande kompetanse

Ho fortel at ho trur det at leiar gav håp om jobb i verksemda var med å påverka det som skjedde undervegs

### **Sanne er i dag fast tilsett helsefagarbeidar i denne verksemda.**

Vi meiner at denne historia ber med seg eit viktig bodskap, og viser korleis bevisstheit om val ein tek i forhold til eigen pedagogisk plattform kan vere avgjerande for å lukkast. Sanne vart møtt med haldningar og tru, som gjorde henne trygg på seg sjølv og eiga meistringsforventning. I tillegg fekk ho eit opplegg som var tydeleg, og kor ho blei ramma inn slik at ho fekk utnytta potensialet sitt. Vi veit at dette bidrar til å lukkast for elevar med nevrouwiklingsforstyrringar, som til dømes ADD og Asperger.

Fra eit karrierefagleg perspektiv kan eit fellestrekke for begge desse to historiene vere at dei det gjeld har hatt gode karrierekompetansar. Dei har hatt valkompetanse, vore moglegheitsorientert, stått på i systemet for å få til overgang og dei har hatt sjølvmedvit, motivasjon og tru på at de kunne klare det. Dei har gitt motstand til systemet og stilt opp for seg sjølv. I tillegg har dei hatt sosial kapital og hjelp frå føresette på vegen.

Vi veit at det i framtida kjem til å vere stor mangel på fagarbeidrarar, også innan helsefag.

## Gjennomførte skulebesøk

Vi har gjennomført eit eller fleire besøk på følgjande skuler

- Arna vgs.
- Askøy vgs.
- Flora vgs.
- Knarvik vgs.
- Krokeide vgs.
- Laksevåg og Bergen Maritime vgs.
- Odda vgs.
- Os vgs.
- Slåtthaug vgs.
- Stend vgs.
- Voss vgs.
- Årstad vgs.



Ved ovannemnde skulebesøk har fokus frå elev- og lærlingombodet vore elevrådsarbeid/elevrådsskulering, skulemiljø, psykisk helse og førebuing på livet som lærling.

# Dialog og samarbeid

Gjennom året har vi også hatt møte/kommunikasjon med følgjande:

- Hovudutval for opplæring og kompetanse v/leiar og nestleiar
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) v/leiar
- Avdeling for opplæring og kompetanse
- Elevorganisasjonen (EO)
- Ungdomsutvalet i Vestland fylkeskommune v/leiar og nestleiar
- Ombodskollegaer i dei andre fylka i Noreg
- Læringsmiljøsenteret i Stavanger – fagleg oppfølging og utvikling
- Statsforvaltaren i Vestland
- Nasjonal gruppe for inkluderande avgangsmarkering
- Redd Barna Norge
- Gatemeklaren
- Ulike opplæringskontor innanfor yrkesfaglege utdanningsprogram
- Barnekoordinatorene i Bergen Kommune
- Likestillings- og inkluderingsombudet
- Pasientombodet i Vestland.
- HK-dir. bidrag til kvalitetslaboratoriet – kvalitetsrammeverket for karriereveiledning<sup>32</sup>.
- Skolebyråd i Bergen Kommune Daniel Hägglund, Kommunaldirektør Marius Arnason Bøe og Direktør i etat for skule Frode Nilsen m.fl.

I tillegg har omboda delteke på oppstartssamlingar med lærlingar i regi av ulike bedrifter, opplæringskontor og rettleiingstenesta. I samarbeid med mobbeombodet i barnehage og grunnskulen heldt innlegg på MOBY-stiftinga sitt åreleg arrangement.

Ungdomsutvalet og Elevorganisasjonen (EO) i Vestland er viktige samarbeidsorgan for oss. Dei representerer elevane og lærlingane og har med seg viktige kunnskap om det å vere ung i dag, og det er viktig for oss å lytte til dei.

---

<sup>32</sup> [Karriereknappene i møte med elever og læringer | Kvalitet i karriereveiledning \(hkdir.no\)](http://karriereknappene.hkdir.no)

I lag med EO har vi delteke på årsmøte og elevforsamling, og dei gjer oss gode innspel på sine sakar og kva som rører seg. Gjennom året har vi også delteke på skulebesøk i lag.

Saker vi har diskutert har mellom anna vore:

- Arbeidet med skulemiljøutval på skulan
- Fråværs grensa
- Kvalitet i rettleiinga i skulen
- Fråvær av seksualundervisning i undervisninga
- Medverknad i skulen

I samband med høyringa om skulereglane var både ungdomsutvalet (UU-VLFK) og Elevorganisasjonen (EO) viktig organ for oss å lytte til.



## Elevane sin rett til rådgiving og karriererettleiing av god kvalitet

Regjeringa melder at fullføringstala har aldri vore betre, og Utdanningsdirektoratet melder at lærlingane trivst på arbeidsplassen.<sup>33</sup> 8 av 10 lærlingar fortel at dei har hatt praksis i bedrift, og dette bekreftar i enda sterkare grad enn tidlegare kor stor betydning det kan ha å vere utplassert i praksis i bedrift gjennom opplæringa.<sup>34</sup>

Vi ønskjer likevel å rette merksemda mot rådgjeving og karriererettleiing i skulen. Nokre grunnar kan være:

1. Elevar og lærlingar fortel oss at dei ikkje ante kva dei gjekk til då dei valde vgs.
2. Når ein har vald feil, så kan det vere vanskeleg å erkjenne det, og ta omval. Nokre blir sjuke av å «stå i det» fordi dei ønskjer å fullføre.
3. Vi erfarer at elevar og lærlingar ikkje kjenner til sentrale deler av kvalitetsrammeverket, som er anbefalt å nyttast for utforsking og læring (karriereknappane).
4. Vi har erfart at korleis skulen rettleiar og rådgjer er viktig for utfall.

<sup>33</sup> [Rekordmange fullfører videregående skole - regjeringen.no](http://rekordmange.fullfører.vg.no)

<sup>34</sup> [De aller fleste lærlinger trives på arbeidsplassen | udir.no](http://de.aller.flest.lærlinger.trives.på.arbeidsplassen.udir.no)



5. Elevane/lærlingane har ikkje vore kjende med moglegheitene sine, - til dømes ulike vegar til fagbrev.
6. Elevane har kome svært forskjellig i utvikling av karrierekompetansar
7. Stadig fleire unge uføre, og fleire i gruppa utanfor utdanning, arbeid eller opplæring.
8. I elevundersøkinga blant elevane i 10. klasse svarar ca. **40%** at dei ikkje i det hele tatt, i liten grad eller i nokon grad hadde grunnlag for videre val av utdanning og yrke. Ca. 60% svarer at dei i stor grad eller svært stor grad hadde eit godt valgrunnlag.<sup>35</sup>

Dette gjer at ein kan undrast på i kva grad elevane ifrå 8.-13.trinn får oppfylt retten til rådgjeving i tråd med forskrifa om rådgjeving og i samanheng med rettleiinga som blir gitt på ungdomsskulen og i faget Utdanningsval.<sup>36 37</sup> Korleis ein jobbar med valgrunnlaget vil kunne påverke det å sikre trygge overgangen til vidaregåande og auke sjansane for å lukkast.

Karriererettleiing er sett på dagsordenen som eit strategisk verkemiddel i politikken, både internasjonalt, nasjonalt og regionalt. Forutan i skulen finn ein dette igjen i Kompetanseforum Vestland sin regionale plan for innovasjon og næringsutvikling for 2022-2025. Blant formåla i Noreg finn vi mellom anna:

- førebygging av fråfall
- utjamning av sosiale forskjellar
- integrering av etniske minoritetar
- tilgang på nødvendig arbeidskraft i rette dimensjonar

Det er **eit mål at elevane skal utvikle karrierekompetansar**, som kan beskrivast slik:

*«Karrierekompetanse er kompetanse som setter mennesker i stand til å håndtere sin karriere, også i forandring og overganger. Det er kompetanse til å kjenne og forstå seg selv og sin kontekst, til å handle og ta valg og til å håndtere dilemmaer og spenninger knyttet til liv, læring og arbeid. Det inkluderer innsikt i at den enkelte formes av sine livsvilkår og handlinger, men også kan påvirke og forme egen og fellesskapets framtid.»<sup>38</sup>*

Skuleeigar er ansvarleg og sentral for at elevane får oppfylt retten til rådgiving. Arbeidet skal vere systematisk og planmessig, og rettleiinga skal utførast av personale med relevant kompetanse.<sup>39</sup> Rådgivinga skal skje som ein prosess frå 8-13.årstrinn, og skal bidra til at eleven:

- gradvis blir bevisst sine eigne interesser, dugleikar og verdiar
- får kunnskap, sjølvvinnslukt og evne til sjølv å kunne ta avgjerd om yrkes- og utdanningsval

<sup>35</sup> [Elevundersøkelsen – resultater på alle spørsmål for skoler på 5.–10. trinn, sortert etter fylker og skoler | udir.no](#)

<sup>36</sup> <https://lovdata.no/forskrift/2006-06-23-724/§22-3>

<sup>37</sup> [Kompetanse-til-Læreplan for utdanningsvalg på ungdomstrinnet \(UTV01-03\) | udir.no](#)

<sup>38</sup> [Karrierekompetanse - Kompetanse Norge](#)

<sup>39</sup> [Forskrift til opplæringslova - Kapittel 22. Retten til nødvendig rådgiving - Lovdata](#)

- utviklar sine evner til å vurdere moglege konsekvensar av val og førebyggje feilval.

Basert på to sentrale dokument; OECD rapport frå 2014 (Skills Strategy Action Report for Noreg), og NOU 2016:7 Noreg i omstilling – karriererettleiing for individ og samfunn, kom kunnskapsdepartementet med eit oppdrag om å utvikle eit heilskapleg nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing, kor fire element vart vektlagt.<sup>40</sup>

- tilgang til alle grupper
- heilskapleg innhald
- mekanismar for koordinering og samarbeid
- gjennomgåande kvalitet og profesjonalitet.

Eit konkret mål for kvalitetsrammeverket er at det skal brukast for å sikre kvalitet i karriererettleiinga, og at den enkelte utviklar karrierekompetanse, jfr. nemnde definisjon.<sup>41</sup>

Som ein del av OECD sitt arbeid med anbefalingar til politikarar, skuleeigarar og næringsliv, la dei våren 2024 fram en rapport om korleis ein best kan førebu unge menneske på eit framtidig arbeidsliv.<sup>42</sup> Den seier mellom anna at:

- unge menneske med lav sosioøkonomisk status møter fleire barrierar i møte med arbeidslivet
- kulturell (tilgang på informasjon) og sosial kapital (nettverk) speler inn
- skulane kan bidra til styrke desse unge menneska til å få utnytta ressursane sine

Basert på studiar av praksis samanfattar OECD **fire typar verkemiddel innanfor karriererettleiing som ser ut til å motverke sosial ulikheit.** Det er:

- tettare oppfølging
- profesjonalisering av karriererettleiinga med tilstrekkelege ressursar
- bygge sosial kapital
- legge til rette for meir kontakt med arbeidslivet

I rapporten presenterer dei og resultat av longitudinelle studiar som syner at kva ein gjer i karrierelæringsarbeidet i alderen 14-16 år, kan få betydning 10-15 år seinare, og det kan vere naturleg å sjå dette i samanheng med auke i talet som fell utanfor skule og arbeidsliv:


- lågare tall utanfor skule, arbeid eller opplæring
- dei har høgare lønn
- betre jobbar og høgare tilfredsheit med liv - karriere

---

<sup>40</sup> [Karrierekompetanse - bakgrunn og veien videre - Kompetanse Norge](#)

<sup>41</sup> [Karrierekompetanse - Kompetanse Norge](#)

<sup>42</sup> [Career Readiness | OECD](#)



Vi meiner at dette bør inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget når ein skal planlegge karrierelæringsarbeidet og sikre gode overgangar på tvers av nivå i skulen, jfr. Overordna del. Korleis en legg opp karrierelæringsarbeidet er ulikt på dei forskjellige skulene, og vala dei tek på systemnivå, både på skuleeigar, skule og klassenivå, kan få konsekvensar for elevane.

Utdanningsval er det einaste faget i ungdomsskulen kor det ikkje er krav om formell kompetanse for å undervise. Det same gjeld rådgivinga i vidaregåande, kor det er anbefalt med relevant kompetanse, men ikkje eit krav. I dei nasjonale anbefalingane ligg det at dei som skal drive rådgjeving bør ha formell kompetanse, og at dette gradvis bør innførast i skulen.

Til grunn for kvalitetssrammeverket ligg det mykje forsking innan fagfeltet, og ein har utarbeida eit system som skal bidra til sikre kvalitet i karriererettleiinga. I kor stor grad forskinga og kvalitetssrammeverket blir nytta er vanskeleg å seie noko om, men vi erfarer at ungdommane vi møter i ulike samanheng i skule og lærebodrift har svært lite, eller ingen kjennskap til sentrale verktøy frå kvalitetssrammeverket.

Då bystyret i Bergen Kommune våren 2024 sakshandsama ei ungdomsskulereform, var styrking av skulen si rådgivingsteneste og karriererettleiing eit satsingsområde. I saksframstillinga var ikkje Kvalitetssrammeverket for karriererettleiing teke med. Dette er utarbeid på oppdrag for Kunnskapsdepartementet og skal bidra til å sikre kvalitet i arbeidet. Dersom ein ønskjer å jobbe evidensbasert, samt sikre både tilgang og kvalitet på karriererettleiing, så meiner vi dette er uheldig for elevane. Konsekvensane av det som skjer i ungdomsskulen følgjer elevane inn i vidaregåande, og funna som OECD presentere synar at det også påverke kva som skjer 10-15 år seinare.

I møte med skolebyråd og administrasjon i Bergen kommune, fekk vi lagt fram tankar omkring saka. Det er viktig at avgjersler på systemnivå i ungdomsskulen er forankra i forsking og støtter opp om ambisjonane og formålet. Vi opplevde å bli tatt godt imot og dei lytta til tankane og innspela som blei presentert i møte.

Vi trur at det som skjer i Bergen også kan skje andre steder i Vestland.

Undersøkingar om karrierelæring i Bergen syner at det er forskjellar i korleis dette blir gjennomført og kva tilbod elevane får. Nokre får tilbod om arbeidsveke, eller anna utprøving i bedrift, medan andre får ikkje dette tilbodet fordi dei ikkje har foreldre som kan skaffe dei plass. Då blir ikkje dei gitt dei same moglegheitene for læring og nettverk.

Eit godt eksempel på nokon som har lukkast med å utvikle eit planmessig og systematisk arbeid rundt overgang frå skule til lære, er Nordhordland næringslag som koordinere eit arbeid saman med Knarvik vgs, Osterøy vgs og Austrheim vgs. Per 16.06.24 hadde 98% av elevane fått seg læreplass. Med seg på laget har dei hatt NAV ung, Næringslaget og frivillige pensjonistar som har bidrege inn for å rettleie ungdommane. Dei jobbar planmessig og systematisk og byrjar tidleg på vg2. Dei peiker på fire ting som dei meiner bidreg til dei gode resultata:

- Alle skulane og lærarane har gode nettverk med lokalt næringsliv. Dei er opptekne av å skape ein vinn-vinn. Elevane treng praksis og bedriftene treng arbeidskraft.
- Elevane er ute i praksis tre veker kvart halvår, og skulane koordinerer så dei ikkje har utplassering samtidig.
- Elevane får hjelp til å skrive cv og søknad, då det er mange som ikkje kan dette.
- Dei er opptekne av å vise elevane dei ulike moglegheitene de har.

Ein av elevane fortel at dei jobba med praksis og læreplass på skulen, og at elevane også har hjelpt og rettleia kvarandre. Når det gjaldt praksis, fortel han at då han fekk ei moglegheit til å prøve ut greip han den. Gjennom utprøving i praksis vart han sikker på at det var riktig veg.

Dei er no i gang med eit prosjekt som heiter læring i næring, og koplar næringsliv og elevar i 10.ende klasse. Dette gjer dei so elevane kan få god læring og eit godt valrunnlag. Alt skjer i samarbeid med lokalt næringsliv.

Dersom ein ser til heile fylket, erfarer vi at det til dels er store forskjellar på kva elevane tek med seg i prosessen, og vi lurer på korleis vi kan gå fram for å sikre at alle elevane får karriererettleiing og karrielæring av god kvalitet, uavhengig av kor ein bur i fylket.

## Prioriterte område for skuleåret 2024-2025.


Elev- og lærlingombodet arbeider etter mandat, og ser på dette som eit kontinuerleg arbeid. Vi ønskjer likevel å ha nokre prioriterte områdar for skuleåret 2024-2025. Dette vil vere:

- Å vere meir aktiv og synlege ut på skulane
- Delta på lærlingsamlingar
- Dialog med elevar og lærlingar om seksuell trakkassering
- Pådrivar for at elevar og lærlingar skal få oppfylt rettane og kjenne til pliktane sine etter ny opplæringslov, og spesielt
  - Retten til et trygt skolemiljø
  - Retten til å medverke
  - Elevens beste vurderingar

Elev- og lærlingomboda i Vestland nyttar høvet til å takke alle involverte partar i vidaregåande skule og lærebedrift for eit godt og konstruktivt samarbeid skuleåret 2023-24!

Ann Kristin Solhaug Hauge

07.august 2024.



vestlandfylke.no